

Ut og klappe elgar

I Jämtland i Nord-Sverige finst ein gard med tamme elgar som kan klappast.

Av Anne Viken

Ein flokk med turistar står tett i tett på tunet hos Sune Håggmark. Sune bur på ein gard i Orrviken sør for Östersund i svenske Jämtland. Garden heiter Moose Garden. Moose betyr elg på engelsk, og Garden betyr hage. På norsk heiter garden «Elghagen». Her produserer dei papir frå elgmøkk, ost frå elgmjolk og lanolinolje av feittet i elgpelsen.

Moose Garden har vore ein gard med tamme elgar sidan dei fekk adoptere to morlause elgkalvar for femten år sidan. Mødrene deira var påkøyrde av bilar, og dei to kalvane trong ein heim.

– Er det nokon som vil smake elgmjolk? roper Sune.

Han held opp eit stort glas med mjolk og eit glas med teskeier. Elgmjolk inneheld fire gongar så mykje feitt som kumjolk, og smakar søtt.

– Er det nokon som vil mate elgkalvar?

Sune har to store plastflasker med mjolk i hendene. Det er same type flaske som ein bruker til å mate vanlege kukalvar, og akkurat som kalvane til kua blir dei tamme elgkalvane tatt frå mor si når dei er veldig små. Frå dei er ti dagar gamle, får elgkalvane mjolk frå flaske og må bu i ei eiga inngjerding saman med andre elgkalvar. Mora bur i ei anna inngjerding i lag med dei vaksne elgane.

Sune fortel at han tek kalvane frå mora fordi dei skal bli tamme og vane med folk. Dessutan jagar elgkyr kalvane frå seg når dei er eitt år gamle. Dette kan gå ganske hardt for seg, og to gonger har Sune opplevd at elgkua har drepe kalven sin når ho skal jage han. Ute i naturen er ikkje dette eit problem. Der kan kalven springe så langt han vil for å kome unna mora, men inne i inngjerdinga kjem han seg ikkje unna mora. Han kjem seg berre



Sune spør om det er nokon her som vil mate elgkalvar, og mange hender vert strekt i lufta.

Alle turistane vil smake på elgmjølka som inneheld 16 prosent feitt.

bort til gjerdet. Ute i naturen er elg eit flokkdyr, og det er ikkje naturleg for elg å leve inne i ei inngjerding i lag med andre elgar.

Likevel seier Sune at elgane hans har det bra.

Av og til om hausten når elgane har paringstid, bryt ville elgoksar frå skogen seg gjennom gjerdet og slåst om dei tamme elgkyrne. Om den ville oksen vinn, følgjer kyrne etter han ut i skogen og parar seg. Etterpå kjem dei tilbake til inngjerdinga. Det er fordi dei veit at her får dei mat. Det kan vere ganske tøft å vere vill elg om vinteren om snøen ligg djup, men inne i inngjerdinga får dei mat heile året.

Av og til søv Sune i lag med kalvane med mjolk på termos. Då syg dei på øyret hans heile natta. Slik blir dei tamme nok til å takle turistane som kjem på besøk for å klappe dei.

– Ville elgar er farlege, seier Sune.

Difor vil han at alle elgane i elghagen skal vere så tamme som mogeleg.

Kvar dag mjølkar han elgkyrne, to liter om morgonen og to liter om kvelden. Mjølkeøkta sluttar når elgkua er lei og går sin veg.

Turistane som er på besøk, vil gjerne klappe elgkalvane. Elgpels er kjempemjuk, og små elgkalvar på seks veker er veldig tolmogige med turistar. Dei har lange, tynne bein, lange nasar og et lauv. Difor liker dei at turistane knekker av greiner frå trea og gir dei.

Sune har ein elgokse som heiter Bosse. Bosse er så tam at ein kan kysse han på nasen, men før ein får kysse Bosse, må ein lære seg å snakke elgspråket.

– AAAAAAAAAAAAAA, seier Sune. Det er det elgane seier når dei pratar med kvarandre. Når dei har paringstid, seier dei OOHGG, OOHGGG.

Elgflokken i inngjerdinga kjem og helsar på turistane med ein gong. Dei får potetrestar og neper, og let seg



fotografere frå alle vinklar. Elgoksen Bosse ligg heilt stille på graset, og let seg kysse og klappe. Folk tek han på horna, på øyra, undersøker pelsen hans nøye og blir imponert over kor mykje oljeaktig feitt det er i elgpels. Dei tek han på klauvene og på nasen, men Bosse ligg roleg under heile seansen. Han er utruleg snill.

Elghorn har bast på seg om sommar- en medan horna veks. Då er dei veldig gode å ta på. Bast er ei tynn hud med mjuke hår som sit utanpå horna. Inne i denne mjuke huda er det blodårer som forsyner det veksande hornet med næring. Når horna er ferdige med å vekse, gnir elgen dei mot eit tre så basten dett av. Om hausten er horna til elgen utan mjuk hud.

– Han luktar sau, utbryt ein turist, og det stemmer ganske bra. Elg luktar litt som ein sau.

Lanolin og papir frå elg

Av feittet i elgpelsen lagar Sune lanolinolje. For å få oljen ut av elgpelsen dreg Sune ei plastskrape over pelsen. Etterpå skraper han oljen frå skrapa ned i ei bøtte. Lanolinoljen er bra for tørre hender.



Papir frå elg- skit blir solgt i suvenirbutikken hos Moosegarden for femti kroner stykket.

Sune lagar også papir av elgskit. Det er det ingen andre som gjer. Papir er laga av cellulose som kjem frå tre, og fordi elgen et bork om vinteren, er elgmøkka full av cellulose.

– Eg eksperimenterte på kjøkkenet med stavmiksar, elgmøkk, vatn og hemmelege vekstar. Etter kvart vart det papir ut av miksen, seier Sune.

No sel han papir frå elgmøkk som er hundre prosent gjenvinnbart. Han har også laga drivstoff til bil av elgmøkk og kongler. På fire sekkar av denne miksen kan han køyre frå Östersund til Trondheim.

Om ein vil, kan ein også kjøpe ein elg frå Sune. Det kostar 35 000 svenske kroner for ein tam elg, og halv pris for ein halvtam elg.

– Eg trur eg var elg i det førre livet mitt, seier Sune.

Det er det ikkje så vanskeleg å tru på.

Sune matar elgane med poteter.

Jennifer Rådeborn



Elgane ligg på bakken så folk kan klappe dei.

Jennifer Rådeborn smetter inn eit elgkys medan elgen feiar horna frå side fil side

